

ORGANISERING AV JAKT I ELGVALDET RAUNDALEN GRUNNEIGARLAG (RG).

1. **Området til elgvaldet.**

Elgvaldet omfattar areal gitt ved godkjente hjortevald i nedslagsfeltet til R.G. , ca. 120.400 da. Dette er nedfelt i avtale av 2/9 - 1988 mellom hjortevalda signert ved leiarar.

2. **Styret sine oppgaver.**

Styret, med årsmøtet som høgste organ, har ansvaret for å organisera elgjakta.

Styret sine oppgåver, i elgforvaltninga:

- a) Framlegg til årsmøtet vedkommande driftsplan/avskytingsplan.
- b) Framlegg til årsmøtet vedk. fordeling av dyr.
- c) Framlegg om åtgjerder i saker som feil fellingar, effektiv jakt, samarbeid jaktlag/jegrar, sikker og human jakt m.m.
- d) Framlegg til årsmøtet vedk. skiping av jaktlag utover hovedregel.
- e) Framlegg til årsmøtet om leiar til samordning av elgjakta.

3. **Skiping av lag før elgjakt.**

Eit jaktlag skal minimum vera samansett av 5 medlemmar. 3 av medlemmane skal vera jaktratshavarar, eller medlem direkte utpeika av iaktrettshavar. Jaktleiar skal alltid vera jaktrettshavar. Kvart hjortevald er eit jaktfelt i elgvaldet. Som hovedregel har kvart hjortevald høve til å stilla eitt jaktlag. I store hjortevald kan årsmøtet opna for 2 eller fleire jaktlag i eit og same hjortevald. I slike situasjonar står jaktlaga fritt til å organisera jakta seg imellom, ved loddtrekning av dagar eller evt. å dela hjortevaldet i 2 eller fleire jaktfelt.

I mindre hjortevald kan årsmøtet opna for eit samarbeid mellom 2 eller fleire hjortevald for å skipa eit lag for elgjakt. Av omsyn til jakta på hjort skal alle involverte hjortevald (ved styret) skriftleg samtykkja før årsmøtet i R.G. kan fatta positivt vedtak.

2 eller fleire elglag står fritt til å samarbeida om felling av tildelte dyr. I slike situasjonar er jaktleiaransvaret knytt til arealet ein jaktar på.

4. **Søknad om dyr til elgjakt.**

Seinast 2 veker før elgjakta startar sender dei jaktlaga som ynskjer vera med skriftleg søknad til R.G. ved leiar i styret. Søknaden skal innehalda opplysningar om:

- a) Namn på jaktlag.
- b) Namn på jaktfelt.
- c) Namn på alle medlemmer av jaktlaget. For rettshavar som søker deltaking i jaktlag, men sjølv ikkje jaktar, skal det framgå både namn på rettshavar og namn på jeger.

- d) Namn på jaktleiar.
- e) Søknaden skal vera signert av min. 3 jaktrettshavarar.
- f) I situasjonar med 2 eller fleire jaktlag i eitt og same hjortevald, skal det fremjast ein felles søknad.
- g) I situasjonar med 2 eller fleire hjortevald involvert i eitt og same elglag, skal det med søknaden leggjast ved skriftleg samtykke frå leiarar i dei involverte hjortevalda.
- h) Kontakt telefonnummer i samband med rapportering av felt vilt/evt. ettersøk av påskote dyr. Alle telefonnummer som er tilgjengeleg ved jakta bør førast opp.

5 Jaktfelta sine oppgåver.

Jaktleiar har plikt til å informera alle jegrar i jaktlaget om grensene til andre jaktfelt (hjortevald).

Jaktfelta har ansvar for at føringa av set elg-skjema vert gjennomført.

Dette er viktig for å få ein god kunnskap om dei biologiske forholda i bestanden.

Jaktfeltsleiarinnrapporterer sett elg-skjema til valdleiar innan fem dager etter jaktslutt.

6. Samarbeid.

Når eit jaktlag har fyllt sin kvote kan dei opna opp for eit samarbeid med andre jaktlag. Dette kan vera nødvendig for å få fyllt kvoten til RG. Dyra står sjeldan jamnt fordelt i heile nedslagsfeltet. Samarbeid kan gå ut på å sleppa eit framand jaktlag til i eige jaktfelt eller evt. fella dyret med eige jaktlag på vegne av eit anna jaktlag.

Utan skriftleg avtale mellom to eller fleire jaktfelt kan tildelte fellingsløyve berre nyttast i gjeldande jaktfelt. Jeger som bryt dette punktet vil bli meldt for ulovleg jakt, og eventuelle skotne dyr vil bli inndrege for sal. Inntektene skal gå til forvaltningstilatak i laget sitt området.

All fellesjakt over jaktfeltgrensene skal vera dokumentert med ein skriftleg avtale mellom gjeldande jaktfelt. Raundalen grunneigarlag og/eller eit eller fleire jaktfelt kan ikkje pålegga nokon jaktfelt å inngå ein slik avtale. Eventuelle avtaler skal innehalda vilkår for fellesjakta:

- Kven avtalen gjeld for.
- Tidsperiode.
- Geografiske avgrensningar.
- Overføring av løyver (ved einssidige avtaler).
- Eller om at jakta foregår som om det var eit jaktfelt (tosidige avtaler).
- Kopi av avtale skal sendast til leiar for valdet.

7. Ettersøk av skada vilt.

Når eit påskote dyr forlet eige jaktfelt, har jaktlaget rett til å forfylgja dette dyret både inn i nabojaktfelt og om nødvendig også inn i nabovald (eks. Austfjelli Grunneigarlag). Før ein går inn i nabojaktfelt skal vedk. jaktlag varslast via oppgitt kontakttelefonnummer. Varslinga skal kvitterast motteke før jaktlaget kan fortsetja ettersøket. Dette for å stoppa evt. pågåande jakt i nabojaktfelt og sikra sikker jaktutøving.

8. Leiar til samordning av elgjakta.

Med 120.000 da jaktbart areal i valdet og mange jaktlag i sving samstundes, er det strengt nødvendig med samordning. Årsmøtet, etter framlegg frå styret peikar ut ein samordningsleiar med vararepresentant. All rapportering av felt elg skal skje umiddelbart til samordningsleiar. Tvilsspørsmål/usemje innan eit jaktlag eller mellom jaktlag som krev snarleg avgjerd, vert å føreleggja samordningsleiar som tek avgjerd.

9. Rapportering og kvalitetssikring av jaktutbytte.

Samordningsleiar har fylgjande oppgåver ved all felling av dyr.

- a) Ta del i alder- og kjønnsbestemmelse av dyr.
Samordningsleiar skal halda fortløpande oversikt over felte dyr (type dyr og dato felt) og utarbeida skriftleg rapport til styret innan ei veke etter at jakta er over.
- b) Ta del i veging av dyr.
Slaktet skal vegast straks etter slaktning. RG har ansvar for å utrusta samordningsleiar med eigna vekt. Samordningsleiar skal utarbeida skriftleg avrekningsgrunnlag (fellingsavgift, kjøtavgift) for kvart jaktlag, som innan ei veke etter at jakta er over skal sendast til rekneskapsansvarleg i RG med kopi til styret.
- c) Samordningsleiar varslar straks styret om feilfelte dyr.
Feilfelte dyr tilfell styret i RG som avgjer lagnaden til slaktet.
Jaktlaget som har felt dyret er ansvarleg for å slakta dyret på ordinær vis.

10. Reaksjonar ved brot på jaktreglar.

Styret kan ileggja jaktlag bøter, med inntil kr. 2.000, eller utestenging frå jakt i inntil 2 år ved brot på desse reglane.

Vedteke av årsmøte i Raundalen Grunneigarlag 26.08.2011.